

Idrettskonferanse – "Saman om vidareutvikling av idretten i Stord kommune"

Tidspunkt: onsdag 19. april kl 1630-2030

Stad: Stord vidaregåande skule



Me har eit sterkt og godt idrettsmiljø i Stord kommune med eit mangfald små og store idrettslag og tilbod innan dei fleste idrettsgreiner. Samstundes har det opp gjennom tida vore ulike utfordringar når det gjeld samarbeidet innan idretten og mellom idretten og kommunen. Med avgrensa ressursar oppnår me best om alle gode krefter arbeider saman.

Det vert no skipa idrettskonferanse som vert eit breitt møte mellom politikarar og administrasjon i Stord kommune, idrettslaga, idrettsrådet og idrettsmiljøa ved Stord vgs og HVL avd Stord for å diskutera korleis me kan samarbeida betre for å oppnå følgjande hovudmål i idrettsplanen:

- 1) Mest mogleg variert idrettsaktivitet for flest mogleg i heile kommunen, og
- 2) planmessig anleggsutbygging som understøttar mål 1.

Me har og fått tak i dyktige eksterne innleggjarar.

Sjå program på neste side.

Dei som kjem til middag gjev melding til sylve.rusten@stord.kommune.no eller telefon 534 96931 slik at me har nokolunde oversikt på maten.

Vel møtt!



Program:

1630: Opning v/Bente Bjelland, leiar NMK, og Gaute Straume Epland, politkar og initiativtakar

1640: Middag – betasuppe eller tilsvarande

1700: Hovudinnlegg:

"Korleis fekk me til anleggsutbygginga i Sogndal og korleis fungerer det - på godt og vondt?" - Rasmus Stokke frå HVL

«Korleis gjer me det i Førde?» Trond Ueland, Kommunalsjef i Førde kommune

1745: Kaffi og frukt

1800: Stord kommune: "Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv" v/Sylve Rusten. «Bygging og drift av idrettsanlegg» v/Arne Bjelland

1815: Innlegg frå Stord IL, Trott IL, Solid IL, Idrettsrådet, idrettslina ved Stord vgs og idrettslina ved HVL avd Stord:

1) Korleis kan me saman vidareutvikla idretten i Stord kommune når det gjeld mål 1 og 2?

2) Korleis kan samarbeidet mellom idrettslaga, kommunen og miljøa ved HVL og Stord vgs verte endå betre?

3) Kva kan me gjera for å betra og medverka til samarbeidet?

1900: Kaffi og frukt

1915: Drøfting i grupper/plenumsdebatt

2000: Presentasjon av drøfting

2025: Oppsummering v/Gaute Straume Epland

Vel møtt!